

Alver kommune
Teknisk forvaltning og drift
Postboks 4
5906 Frekhaug

Vår referanse: 21015-B01_2
Bergen, 16.02.2022

**ORION PROSJEKT AS
KNARVIK. KVASSNESVEGEN 33. BUSTADSBYGG.
GNR. 188 BNR. 384 M.FL.
SØKNAD OM GODKJENNING AV TEKNISKE PLANAR FOR VEG, VATN,
AVLAUP OG OVERVATN.**

På vegne av tiltakshavar Orion Prosjekt AS søker vi om godkjenning av tekniske planar for veg-, vass-, avlaups- og overvassanlegg i samband med utbygging av bustadsbygg på felt BKB2 i områdeplan for Knarvik sentrum (ID 1263-201002).
Visar til tilbakemelding på mail frå Arne Helgesen den 29.12.21.

Nytt bustadsbygg vil innehalde:

- 87 bustadeiningar

Dagens bygningsmasse på eigedomen skal rivast.

Veganlegg

Prosjektet omfattar følgjande veganlegg:

- Bygging av veg o_SKV12. Vegen byggjast med breidde 4,5m.
- Langsgåande gangveg o_SGG19. Gangvegen byggast med breidde 2,5m.
- Omlegging av Lonagata etter områdeplan.
- Langsgåande gangveg o_SF10 langs Lonagata. Gangvegen byggast med breidde 5m. Gangvegen avsluttast i sør til eksisterande avkjørsel til gbnr. 188/240.
- Adkomstveg til eigedomen frå Lonagata. Adkomstvegen byggast med breidde 6m.
- Parkeringskjellar byggast på eigedomen.

Utforming av offentlig vegareal skal tilfredsstillast Kvalitetsprogram for Knarvik Sentrum og Forprosjekt Leikeløypa, Utsiktsparken (utarbeida av Norconsult AS, dato 05.05.2020). Kantstein byggast som platekantstein i granitt. Vassrenner langs fortauskant og langs ytterkant fortau byggast og med platekantstein i granitt. Alternativ kan vassrenne byggast med 2-3 stk. storgatestein (140x140x200mm), tilsvarende som ved Region Nordhordland Helsehus (Gnr./Bnr. 188/323).

Vass- og avlaupsanlegg

Tiltaket omfattar følgjande vass-, avlaup- og overvassanlegg i vegane Alléen/SKV12, leikeløypa/o_SGT3 og Lonagata/o_SF10:

- Vassleidning
 - Etablering av ny ø280mm PE vassleidning mellom eksisterande vassverkskum EKS V1 i Lonagata og ny vassverkskum V1. Kummen monterast i kryss mellom ny veg Alléen og leikeløypa. Frå V1 leggst ø280mm vassleidning nord og vestover, for framtidig vidareføring langs SKV11 og Leikeløypa.
 - Ø280mm vassleidning vidareførast frå vassverkskum V1 sørover langs leikeløypa mot ny vassverkskum V2 i søndre del av gangveg o_SF10. Frå V2 leggst ø280mm vidare sørover, som avsluttast i terreng for framtidig vidareføring. Sluseventil i V2 haldast stengt for denne leidningen.
 - Eksisterande ø250mm vassleidning langs Lonagata leggst om frå eksisterande vassverkskum i vegkryss med Bruvegen, til ny vassverkskum V2. Ny ø180mm PE vassleidning leggst til den eksisterande vassverkskummen frå V2.
 - Eksisterande ø200mm PE vassleidning vidareførast inn på eigedom gbnr. 188/416 frå eksisterande vassverkskum langs Lonagata. Ledningen vil forsyne nytt bustadbygg og sprinkleranlegg.
 - Eksisterande hydrant HY1 på gbnr. 188/414 flyttast for å unngå konflikstar med nytt veganlegg.
 - Eksisterande ø160mm vassleidning langs Alléen/SKV12 koplast ut. Tilsvarande gjeld og ø160mm leidning på gbnr. 188/415 mellom stikk til bnr. 414 og veg o_SKV12.
 - Eksisterande stikkleidningar til gbnr. 188/384,416 og 421 koplast ut.
 - Eksisterande ø63mm stikkleidning frå vasskum ved kryss mellom Lonagata og Bruvegen utgår, då det vart avklart på synfaring at leidninga allereie er kopa ut.
 - Det skal etablerast brannventil i vasskum V1 og V2.
- Spillvassleidning
 - Ny 315mm PVC spillvassleidning i vegane Alléen/SKV12 og leikeløypa mellom kum S1 og S5. Leidningen vidareførast sørover og avsluttes i eksisterande spillvasskum EKS S1.
 - Frå stakekum S3 leggst 315mm PVC spillvassleidning nordover for framtidig vidareføring mot Kvassnesvegen.
 - Ny Ø160mm PVC spillvassleidning leggst frå S1 til gbnr. 188/414 for framtidig tilknytning av eigedomen.
 - Ny Ø160mm PVC spillvassleidning leggst frå S2 til gbnr. 188/415 for framtidig tilknytning av eigedomen.
 - Stikkleidningar til nytt bygg leggst frå kum S1 og S5.
 - Eksisterande ø400mm spillvassleidning frå gbnr. 188/415 tilkobles stikkleidning frå kum S2. Leidningen rivast frem til gbnr. 188/240.
 - Eksisterande stikkleidningar til gbnr. 188/384, 416 og 421 koplast ut.
 - Spillvassleidningar er prosjektert i PVC-materiale. Desse kan endrast til PP-materiale om ynskjeleg.

- Overvassleidning
 - Ø1000mm betong overvassleidning leggst langs leikeløypa og Lonagata mellom nye overvasskummer O3 og O6.
 - Eksisterande ø1000mm betong overvassleidning vest for O6, frigravast og tilkoples kummen.
 - Frå O3 leggst ø1000mm overvassleidning nordover for framtidig vidareføring mot Kvassnesvegen. Ein midlertidig 400mm DV overvassleidning leggst frå denne leidningen nordover og knyttast til eksisterande overvassleidning langs Kvassnesvegen. Denne leidninga vil utgå ved full utbygging av leikeløypa.
 - Eksisterande ø1200mm overvassleidning vert knytta til overvasskum O1. Leidninga rivast mellom O1 og eksisterande overvassanlegg på gbnr.
 - Ny Ø300mm DV overvassleidning leggst mellom overvasskum O1 og O3. Endring frå den eksisterande 1200mm overvassleidningen til ø300mm, er grunna mindre vassføring i eksisterande overvassleidning ved ombygging av overvassnettet langs Kvassnesvegen. Høgde på leidninga er framleis ukjent. Ved stor djupnad på leidningen, kan ei mindre overvassleidning leggst djupt mellom eksisterande leidning på gbnr. 188/414 og 240.
 - Sandfangskummer med kjeftesluk og frontrist, SF1 og SF2, etablerast langs Alléen/SKV12. Overlaup frå sandfangskummene koplast til ø300mm overvassleidning langs vegen.
 - Eksisterande sandfangskummer langs Lonagata (SF3 og SF4) flyttast for å passe med nytt veganlegg.
 - Privat 250mm DV overvassleidning etablerast langs Lonagata mellom overvasskum O5 og overvassanlegg for nytt bygg. Ny sandfangskum SF5 langs Lonagata koplast til denne leidningen.
 - Overvatn frå nytt bustadbygg vert handtert ved fordrøyningsmagasin. Overvatn frå taknedløp vert leda til fordrøyningsmagasin i parkeringskjeller. Fordrøyningsmagasinet blir tilkopla overvasskum O11, som etablerast med virvelkammer for å regulere overvatn som vert ført til kommunalt røyrrnett.
 - 150mm DV drensleidning leggst mellom sandfangskum SF6 og SF7 for handtere overlaupsvatn frå regnbed langs leikeløypa. Sandfangskummene etablerast med ristlokk. Overlaup frå SF7 koplast til ø1000mm betong overvassleidning langs leikeløypa.
 - Vi føreslår at sandfangskummar byggjast som permeabel kum som vil infiltrere overvatnet til massar i grunnen. Sandfangskummer bidreg til lokal overvasshandtering og reduserer mengde overvatn som blir ført til kommunalt røyrrnett.

Nye hovudleidningar prosjekterast etter føringar i VA-rammeplan for Knarvik sentrum.

Til kommunal overtaking

I reguleringsplanen er vegene Lonagata/o_SF10, Alléen/o_SKV12 og leikeløypa/o_SGT3 regulert som offentlig veg.

Vi søker om at ny vegane med tilhørende gang- og sykkelveg blir overtatt av Alver kommune til drift og vedlikehold. Samt vass,- avlaup- og overvassleidningar i følge tabell under.

Strekk	Vassleidning	Spillvass-leidning	Overvass-leidning	Drensleidning
EKS V1-S1	Ø280mm PE100			
S1-S3	Ø280mm PE100	Ø315mm PVC	DI300mm DV	
O3-O6	Ø280mm PE100	Ø315mm PVC	DN1000mm BTG	
O6-EKS S1		Ø315mm PVC		
SF6-SF7				DI150mm DV
Vegsluk			SF1-SF5	

Spørsmål til søknaden kan rettes til Dennis Vatlé på tlf. 55 59 82 61/474 60 235 eller e-post dennis@haugen-vva.no.

Dersom det er ønskeleg med gjennomgang av teikningar og søknad stiller vi gjerne på eit avklaringsmøte.

Vi vonar ei positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Dennis Iversen Vatlé

Vedlegg:

Teikningar i følge teikningsliste

Kopi av brev og vedlegg:

Orion Prosjekt AS v/Kurt Henning Oppedal

Smedsvig Landskapsarkitekter AS v/Vibeke Jørn Myran og Marta Jacob

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS v/Matthew McClurg